


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
OKTOBER 2021**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 – 19.00
Tysdag 14.00 – 18.00
Onsdag 14.00 – 18.00
Torsdag 12.00 – 15.30
Fredag 12.00 – 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpant glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDE:

Kanopadling på Refsvatnet. Foto: Stein-Roar Slåtterøy i Dalane friluftsråd

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 19. oktober kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 28. oktober. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

Godt val Bjerkreimsbuarar, og takk for valdeltaking og godt oppmøte. Kjekt å sjå at engasjerte innbyggjarar deltek til dei grader, 83,6% valdeltaking! Kjempebra! Valet er over, Erna Solberg har gjort ein flott jobb som statsminister gjennom Covid-19, nå får Jonas prøve seg dei neste 4 åra. Eg håper og trur på positive signaler til Bjerke, både i form av fokus på distrikt, kommuneøkonomi, og eit løft til primærnæringane.

Eg kjem ikkje utanom å snakka litt om vêret... «enn for ein sesong me he hatt». Det må vera mykje godt vinterfôr i hus i Bjerke i år. Nå håper vi på ein fin haust, med gode lam heim frå fjellet.

Gratulera til VVS Prefab som vinnar av Bjerkeprisen 2021. Kjekt å sjå utvikliga bedrifta har hatt dei siste åra. Det er tydelig at dei har funne ein marknad som det var behov for. Lykke til vidare med arbeidet.

Velkommen også til Frode Tingbø (Teti Eiendom). Dei har kjøpt seg næringsstomt i Bjerke, på Røysland, og vil starta opp med kjøkkenproduksjon. Det er lenge sidan det har vore sal av næringsstomter på Røysland. Men nå kjem det meir aktivitet.

Også v/Hunnadalen skjer det utvikling, kommunen har selt to nye bustadtomter samt næringsområde. Dette utløyser bygging også her. Det blir spennande å sjå sluttresultatet av satsinga til eks. Kjell Arne Halvorsen. Bra med vilje til utvikling!

Også La Vita i «Subagadå» utviklar seg, her har lokala fått ein skikkelig oppgradering. Eg vil gratulera innehavar Debora Soares med satsinga. Vi treng fleire tilbod i Bjerke. Ho er med på å gi bygda enda eit samlingspunkt. Spesielt viktig at ungdom får fleire stader å treffast!

Omsorgssenteret «skridar fram», arkitekt er valt. Vi ventar teikningar på nytt omsorgssenter før påske. Og endelig vedtak om investering i kommestyre er venta rundt påsketider 2022. Dette er eit stort prosjekt som vi er nødt til å bruke god tid i planlegginga på. Vi skal bare bygge éin slik institusjon éin gong neste 50 åra.

Nok for denne gong, det skjer mykje positivt i Bjerke. Vi får spara litt til neste nummer av Bjerkreimsnytt også! Med ønske om ein fin haust.

Vennlig helsing, Kjetil

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90-TALLET

Ny, digitalisert video er lagt på Bjerkeim kommune sin nettside: Portrettintervju – Gjertrud Hårberg (1999). Se under kultur – digitaliserte videoer

SPILLEMIDLER

Det er åpnet for å søke om spillemidler for 2022. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se: www.anleggsregisteret.no. Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf 988 80 147. Søknadsfrist 1. november hvert år.

POLITISKE MØTE SEPTEMBER

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Gruppemøter:

Formannskap

Levekårsutval:

LMT-utval:

Kommunestyre:

Måndag 04.10 kl 19.00

Tysdag 05.10 kl 16.00

Onsdag 06.10 kl 19.00

Onsdag 06.10 kl 19.00

Tysdag 19.10 kl 19.00



TV AKSJONEN 2021

Søndag 24. oktober får du besøk av ein bøsseberar som samlar inn pengar til TV-aksjonen. I år går innsamla midlar til organisasjonen PLAN International. Tittelen på aksjonen er «Barn, ikke brud» med fokus på kampen mot barneekteskap. Aksjonen startar kl 16.00. Ta godt imot dei som kjem. Ha gjerne klar kontantar, men du kan også bruke VIPPS!



NYE LIS1 LEGAR

Babar og Maryam er nye LIS1-legar ved Bjerkreim legekontor frå 1. september, og har teneste i Bjerkreim fram til 1. mars 2022. Begge kjem frå Oslo og har tidlegare jobba ved SUS.

KULTURMINNEMIDLER

Bjerkreim kommune skal hvert år dele ut kr 30 000,- i kulturminnemidler. Midlene blir utdelt av levekårsutvalget. Pengene kan bli fordelt mellom flere søkere. Skriftlig søknad med detaljert plan og kostnadsoversikt må sendes innen 1. okt. til postmottak@bjerkreim.kommune.no

INNSATSPREMIER

Innsatspremier kan bli delt ut innen disse kulturområda:

1. Idrett og sport
2. Sang, musikk og dans
3. Andre kulturgreiner

KRITERIER:

1. være blant de tre beste i NM
2. gjort seg bemerket i nordisk eller internasjonal sammenheng
3. bli vurdert av levekårsutvalet til å ha gjort en særlig fremragende prestasjon innen sitt kulturfelt

I tillegg må utøvar ha folkeregistrert bostedsadresse i Bjerkreim. Kom med forslag på kandidater innen 1. nov. til postmottak@bjerkreim.kommune.no



NYANSATT FRIVILLIG- OG FOLKEHELSEKOORDINATOR

Mitt navn er Line Pettersen og nå er jeg endelig på plass i den splitter nye stillingen som frivillighet- og folkehelsekoordinator. Jeg har kontor på kommunehuset, men skal etter hvert også ha kontor i Skjeraberget folkehelsehus. Jeg gleder meg skikkelig til å ta fatt på jobben og bli kjent med dere som bor her. Kom gjerne innom kontoret mitt for en prat hvis du har noen spørsmål eller innspill.

Telefon: 51 20 11 03 / 958 63 277
E-post: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no

SVØMMEKURS HØST 2021

Det blir arrangert svømmekurs fra 22. oktober til 17. desember på fredager. 8 kurskvelder. Påmeldingsfrist 4. oktober.
Fredag 16.30 - 17.15.
Småbarn (fra 3 år. Barnet må ha

følge i bassenget)

Fredag 17.15 - 18.00

Grunnkurs (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag 18.00 - 18.45

Videregående 1 (Må kunne flyte)

Fredag 18.45 - 19.30.

Videregående 2 (Må kunne svømme på dyp del av bassenget)

Fredag 19.30 - 20.30

NYTT: Svømmekurs for voksne over 16 år. Det vil bli tatt hensyn til hvis deltakerne har ulike forutsetninger. Elektronisk søknadsskjema på kommunens hjemmeside. Det tas forbehold om endringer i forhold til antall påmeldte.

BLI BEDRE Å SVØMME, OG TRYGGERE I VANN

Det blir også i år gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager etter høstferien. Grupper for 1. - 3. trinn og 4. - 7. trinn. Klokkeslett og nærmere praktisk informasjon vil bli formidlet direkte til skolene når tilbudet starter opp.

BADEVAKTER OG BADEASSISTENTER - UTVIDET SØKNADSRIST

Vi trenger gode badevakter/ badeassistenter til offentlig svømming og svømmekurs fra etter høstferien til påske. Se kommunen sin nettside under ledige stillinger. Søknadsfrist utvidet til 03.10.2021.

OFFENTLEG SYMJING

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag mellom haustferien og påskeferien. Oppstart laurdag 23. oktober. Gratis adgang.

Laurdagar

(ekstra varmt vatn)

Kl 10.00 - 10.45 Vaksne over 18 år (garderobe frå 09.45)

Kl 10.45 - 11.30 Vaksne over 18 år

Kl 11.30 - 12.15 Familiebadning (garderobe frå kl 11.15)

Kl 12.15 - 13.00 Familiebadning

Kl 13.00 - 13.45 Familiebadning

Det heng lister i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike familiegruppene laurdag. Vanskar med å komme innom? Du kan ringe og reservere plass på tlf 404 44 955. Hugs badehette! Bleiebarn må bruke badebleie.

JILLE LØRDAG

Jille fredag" har bytta dag og navn til Jille lørdag. Dette er et tilbud til ungdom fra 7. klasse og oppover, der de unge kan samles og ha det kjekt i lag. Vi har ulike spill og diverse kioskvare, samt voksne som har oppsyn med ungdommene hele kvelden. Vi satser på å være på Vikeså skole i starten, men håper å flytte inn i ledige lokaler i Skjeraberget utover høsten.

Datoer: 2/10, 16/10, 30/10, 13/11, 27/11, 11/12. OBS- endringer kan forekomme.

For mer info, se facebook-siden "Jille lørdag".

BJERKREIM KR. UNGDOMSLAG

har arrangement for ungdom fra 8.klasse og oppover annakvar laurdag.

Datoar for hausten er:

- 25.9. Åpningsfest
- 9.10. Gutte-og jentekveld
- 23.10. Ungdomsgudstjeneste
- 6.11. Amerikansk Auksjon
- 20.11. Filmkveld
- 4.12. Bowling
- 18.12. Juleavslutning
- 31.12. NYTTÅRSFEST!

Følg med på Facebook -«Bjerkreim kristelige Ungdomslag» for informasjon om stad og tidspunkt. Velkommen!

TIRLA

Liker du å synge? Bli med i Tirla, da vel!

Tirla er et blandakor der både menn og kvinner i alle aldersgrupper er velkomne.

Vi øver søndager kl 19.30 i kulturbanken. Se Facebooksiden «Tirla» for mer info!

Lurer du på noe? Kontakt dirigent Borghild på tlf 97530549.



STRIKKEVELD

12. oktober kl 19.00 i Lionsrommet på Samfunnshuset.

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

ÅRSMØTE BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

Tid: Onsdag 27. oktober kl 19.00

Sted: Lillesalen Bjerkreim samfunnshus.

Underholdning: STRENGEPLUKK fra Stavanger spiller Blågrasmusikk.

Bygdekvinne deler matglede med Internasjonal kvinnegruppe.

Saker til årsmøtet må være innkommet til styret innen 13. oktober.

Møtet er ope for alle - vel møtt!

ÅRSMØTE BJERKREIM BONDELAG

Tid: 18 okt kl 19.30.

Stad: Lillesalen på Samfunnshuset.

Me får besøk av Kjetil Slettebø som skal snakka om Destinasjon Bjerkreim, og det vart ei morsom helsing ved Oddbjørn Viknes fra Rogaland Bondelag.

Det vert servert varmtett, kake og kaffe. Vel møtt!



RIDDER ASKE MØTER DRAGEN OG TROLLET

Familieforestilling på biblioteket 2. november 17.30. Sett av datoen!

EVENTYRSKOGEN

Vi arrangerer opplegg i Foreknuten også i år.

Det blir «Fest i skogen» 29. okt. kl 18.00

Billetter blir lagt ut på nettet.

Arr. Bjerkreim kulturskule, Bjerkreim bygdekvinnelag

SYNGENDE KOMMUNE

Bli med å synge alle advent og julesalmer i Bjerkreim kyrkje

Fredag 12. nov 18.00-20.00 og laurdag 13. nov 16.00-20.00

Forsangere, solister og kor deltek Vi får også besøk av Helge

Gudmundsen

Nærmare info seinare.

Arr. Kyrkja i samarbeid med syngende kommune

ÆTTESOGELAGET

Tema: Bureising. Bygdamuseum Torsdag 7. oktober kl. 19.00, på Kommunehuset på Vikeså

Tarald Oma held foredraget: Bureisinga - nasjonsbygging som gav 20 tusen nye gardsbruk. Han har og med nokre bilete.

Paul Tengesdal fortel om Bjerkreim Bygdamuseum som vert ein eigen stiftelse, og om det som er samla inn til nå. Det vert og godkjenning av årsmelding og rekneskap sidan årsmøte i februar vart avlyst. Val av styre er utsett til neste årsmøte.

Arr. Ættesogelaget

«VI OVER 60»

Pensjonistlaget «Vi over 60» har møte på Samfunnshuset, lillesalen 21. oktober kl 14.00. Musikk: John, Arnold, Niclas og Astrid Underholdning, foredrag, mat og utlodning.

Gamle og nye medlemmer velkomne. Me satsar på at ikkje Koronaen stopper oss denne gongen heller. Takk til SR-bank for sponning av husleiga.

Arr. Pensjonistlaget

«VI OVER 60»

Hugs påmelding til festen på Samfunnshuset onsdag 13. oktober kl. 18.00 m/X-politi Kåre Birkeland og Green Sax. Påmeldingsfrist: innan måndag 4. okt. til Tom Fjermedal – tlf.51201100 – kl.10.00-14.00

Arr. Fellesrådet

BJERKREIMSQUIZEN

Dersom 1-metersregelen vert oppheva, startar me opp att onsdag 20. oktober på Vikeså Veiservice kl. 19.30

Quizmaster: Harald Andre Veen Startkontingent kr. 30,- pr. pers. – 4 manns lag. Ope for alle!

KRAFTTAK FOR SANG



SANG FOR OKTOBER

STOPP, IKKE MOBB

(Foreslått av Storafjell Barnehage)

Ref:

Stopp! Ikke mobb!
Dette her er kameraten min.
Ikke finn på noe tull.
Vennen min er god som gull.
Nå vil jeg bare si ifra.
En for alle - Alle for en.
Så nå vil jeg slå fast svart på hvitt:
Her er mobbefritt!

Alle har en gang stått utenfor.
Kjent på en klump inni seg.
Så jeg vil være den
som er en ekte venn,
og våger å si fra
når ting ikke er bra.
Så derfor sier jeg: Stopp! Ikke mobb.....

Ingen liker å stå utenfor.
Vi trenger alle en venn.
Å vise empati
kan være vanskelig.
Men jeg vil være den
som er den lille forskjellen.
Og våger si i fra: Stopp! Ikke mobb.....

Gjør mot andre det du vil at de skal gjør' mot deg.
Ja, det er en god regel - synes jeg!

VIKESÅ MISJONSHUS OKTOBER 2021

- 03. kl 19.30 Møte NLM. Tema Hans Nilsen Hauge.
Talar Odd Dubland
- 06. kl 20.00 Bønnesamvær
- 08. kl 20.00 Fredagsklubben
- 13. kl 14.00 Bingo Helselaget
- 14. kl 19.30 Samtalemøte
- 17. kl 11.00 Gudstjeneste
- 23. kl 16.00 Basar NLM
- 24. kl 11.00 Søndagssamling - starter med lovsang kl 10.30
- 25. kl 19.00 Yngres og Korvetten

BJERKREIM BEDEHUS OKTOBER 2021

(dersom smittesituasjonen tillet det)

- 04. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 09. kl. 12.00 Basar NLM
- 10. kl. 11.00 Endelig søndag
kl. 11.20 Søndagsskule
- Haustferie (ikkje yngres)
- 15.-17. Weekend Tonstadli
- 18. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 19. kl. 19.30 Logos
(bibelundervisning)
- 22.-24. kl. 19.30 Møter Indre sjømannsmisjon
- 22. kl. 20.00 Fredagstreff
- 25. kl. 19.00 Yngres

BASARDAG

Bjerkreim bedehus laurdag 9. oktober kl. 12.00.

Kafè med sal av pølser i brød og kaffimat frå kl. 12.00. Rullelappar. Familiemøte kl. 13.00 m/ andakt og song. Barnebok, årsal og hovudtrekking. Alle er velkomne!

Arr. NLM kvinneforening

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



BINGO

Onsdag 8. september kl 14.00 i Peisestova på Vikeså Misjonshus.

Arr. Bjerkreim helselag

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Kontakt Ingbjørg Vassbø, tlf. 51 45 22 37/486 03 535



VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER:

Laurdag 2. oktober kl. 10.00. og kl. 12.00.

Konfirmasjons-gudstenester i Bjerkreim kyrkje (ope for konfirmantane og deira gjester)

Sundag 3. oktober kl. 11.00.

Hausttakkefest i Bjerkreim kyrkje

Sundag 10. oktober

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 17. oktober kl. 11.00.

Gudsteneste på Vikeså Misjonshus

Sundag 24. oktober kl. 11.00.

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 31. oktober kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Tårnagenthelg

DØYPTE:

22.08.21 Halvar Bjerkreim

DØDE:

10.07.21 Arnt Trygve Slettebø

02.09.21 Liv Hovland

BEHOV FOR KYRKJEVERTAR OG ANDRE FRIVILLIGE!

Vi har mange gode og engasjerte frivillige i Bjerkreim kyrkjelyd, men treng fleire - m.a. kyrkjevertar, til å styra projektor og trusopplæringstiltak. Dersom du kan tenkja deg å vera med som frivillig er du hjarteleg velkommen. Ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf. 51201198/51201197. Vi har bruk for deg! Å vera seg nyttig er viktig og det kjennest godt.

Ver audmjuke

Då eg var ungdom, tok eg mellom anna båtforarprøven. Med i kurset var ein god del om korleis ein skulle halde vikeplikta til sjøs. Utan oppmerka køyrespor er det på ein litt annan måte enn på E39. Eg blei minna om teorien til båtforarprøven då eg kom over følgjande historie:

Det seiest at to store skip kolliderte i Svartehavet nær den russiske kysten i 1986. Hundrevis av passasjerar døyde. Undersøkingar viste at skipa køyrde rett mot kvarandre, men at ingen ville vika for den andre. Kapteinane på begge skipa nekta. Dei var for sta eller for stolte. Då dei endeleg forstod at dei måtte gjere noko, var det for seint. (Ref: The New York Times)

I Paulus sitt brev til Filipparane kapittel 2 vers 1 – 4 står det nokre ord om å vere audmjuke - og gjere det som er godt for andre. Nesten som at ein i

utgangspunktet handlar som om alle har vikeplikt for alle. Altså heilt motsett av korleis kapteinane på dei to store skipa oppførte seg. Og i kvardagslivet vårt er kanskje det ein god ide? Å ikkje berre tenke på vårt eige beste, men og på det som er godt for andre...

La det vere eit mål for oss alle (både i kyrkjesamanheng, på sosiale medier, på skule og arbeidsplass og over alt): å ha eit audmjukt sinnelag og vike så pass for kvarandre at det er plass til alle! Lat oss ikkje berre tenke på vårt eige beste, men gjev kvarandre plass.

Soknepresten

TÅRNAGENTSAMLING

Laurdag 30. og sundag 31.oktober i og rundt Bjerkreim kyrkje. Hugs gode, varme klede. Alle barn født 2013 er velkome til å utforske kyrkja, bibelen og kyrkjjetårnet. Kom og løys oppdrag og mysterium. Kos dykk med agentmat. Invitasjon kjem i posten etter kyrkjjas medlemsregister, ta kontakt om de ikkje får brev, men har barn i aldersgruppa som vil vera med.

DATOAR Å MERKE SEG:

- 6. nov.: 2-årssamling
- 12-13. nov.: Vi syng alle advent- og julesalmane i salmeboka, ilag med Bjerkreim syngande kommune
- 20. nov.: Lys vaken, for 4. klassingar
- 26. nov.: Konsert m/Maria Arredondo og Torstein Sodal i Bjerkreim kyrkje
-

TRAFIKALT GRUNNKURS

Det vert trafikalt grunnkurs 25., 27., 28. og 29. oktober. Du må ha fylt 15 år før oppstartsdato for å delta. Påmelding: tinyurl.com/tut-tut-bjerkreim


Kaffidrøs



Dersom du ser diakonen vår på ein benk med kaffikanne og ledige krus er han klar til ein kaffidrøs. Kjekt om du tek ein prat med han!

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOTT PR 01.10.21

Det er på ny tid for eit av haustens vakraste eventyr, nemleg søknaden om produksjonstilskott 2021. Dei fleste av dykk har levert del 1 av søknaden i første del av mars, og nå er det tid for å sende inn del 2.

Gå inn på heimesida til Bjerkreim kommune <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskott og så vel du produksjonstilskott. Her finn du direkte link til søknadsskjemaet i altinn.

Søknadsfristen er 15.10.21, og du kan endre opplysningar i søknaden fram til og med 29.10.2021 utan økonomiske konsekvensar. Har du gløymt å levere søknaden innan fristen, kan den leverast fram til 29.10.21, med då med eit trekk på 1.000 kr/dag.

I tillegg kan du etterregistrere innan 10.01.22 avløysarutgifter mellom 01.10.21 og 31.12.21, samt dyr på utmarksbeite som er sankt etter 15.10.21. No kan du søkja om:

Tilskott for husdyr:

- Du skal søkja for alle husdyr, unnateke sauer født i fjor eller tidlegare. Sauene søkte du på i mars, både når det gjeld tilskott og grunnlag for avløysartilskott.
- **Vær nøye og tell tal dyr du søkjar tilskott på.** NB kyr/ammekyr som ikkje har kalva dei siste 15 mnd før teljdato skal først som **øvrigt storfe**. Ein del fører feil her, og då er me nødt til å avkorte i tilskottet.
- Det er dei dyra du disponerer på teljdato den 01.10.2021 som skal først opp. **Ikkje før opp ca. tal !**

- Når det gjeld mjølkekyr og ammekyr, vil dyretallet du fører opp på husdyrtilskottet automatisk danne grunnlaget for henholdsvis driftstilskott mjølk og driftstilskott til spesialisert storfekjøttproduksjon. Det same gjeld tilskott til små om mellomstore mjølkebruk.

Beitetilskott:

Her skil me mellom to typar beitetilskott:

- **Ordinært beitetilskott** der dyra må ha vore ute på beite i minimum 16 veker gjennom beitesesongen, **og minst halvparten av grovføropptaket skal ha skjedd på beite.** Vær nøye og sjekk om dyra dine har vore ute på beite så lenge som kravet tilseier. Det er summen av beite på inn- og utmarksbeite som må vera minst 16 veker. Beitetilskottet er på 50 kr/småfe(sau,lam,kje,geit) og 445 kr/storfe.
- **Tilskott for beiting på utmarksbeite**, der dyra i utgangspunktet må ha vore minst 5 veker til heis eller på avgjerda utmarks-beite. For dei av dykk som har dyr som går fram og tilbake mellom ut- og innmarks-beite, vil me framleis nytta reknearket for avbeiting som støtte for vår vurdering. Det må imidlertid finnast ein del utmark på eigedommen, slik at dyra reelt har beite for 5 veker, kanskje 10 daa utmark pr. vaksen sau og opp mot 25 daa utmark pr. storfe. Er du i tvil, fyll ut tabellen som ligg på heimesida vår, og send inn for vurdering, eller ta kontakt med oss. Fyll aldri inn alle dyr, og tru at me fikser resten. De må fylle inn rubrikken for sluppet på utmarksbeite(teller 70 % av

tilskott) og sankt frå utmarks-beite(teller 30 % av tilskott). Tilskottet er 235 kr/småfe og 822 kr/storfe.

Arealtilskott.

- Her søker du automatisk både på areal- og kulturlandskapstilskott, ved å fylla inn dei areala ditt føretak har disponert i vekstsesongen 2021. Tala frå i fjor er preutfyllt, men du må fylla inn dei tala du reelt har disponert i 2021. Husk at sum tal disponert areal, må stemma med det tal dekar du fordelar mellom vekstar.
- Oppmålt nydyrka areal og nye godkjente beite er for dei aller fleste lagt inn i gardskartet.
- Kva for konkrete areal som er registrert på din eigedom, kan du finna på NIBIO sitt gardskart. Link til dette kartet finst direkte i søknaden, eller linken på kommunen si internettside:

Tilskott til avløysing.:

- Her fyller du inn netto avløysarutgifter, utan meirverdiavgift, som føretaket har hatt som kostnad fram til og med 15.10.2021. Dersom du ikkje har brukt noko avløysarutgifter så langt, men har tenkt å bruke noko i slutten av året, så fyll ut kr. 1 i rubrikken, slik at du faktisk har søkt. I avløysarutgiftene fyller du inn summen av egne lønnsutgifter, tenester kjøpt av avløysarlaget eller avløysartenester kjøpt av andre føretak. Lurar du på noko så kontakt landbrukskontoret. Maks tilskott er 87.800 kr for 2021.

RMP

Husk også at **fristen for å søkja om tilskott til Regionalt miljøprogram er 15.10.21**. Info om dette finn de på heimesida. Lykke til!

INFORMASJON

Når du trenger **fotograf, innramming** eller hjelp til noe **forelatert**...
Vi benytter alt fra **120 år gamle kamera** til dagens moderne **digitale løsninger**.



Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på [hanmedhattenfoto](https://www.hanmedhattenfoto.no)

Les av med mobilkamera Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmåsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim legekontor

51 20 43 30

Ny fastlege!
Aud Feed Davis starter 1. oktober



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-22.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså

Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!